

ÅRSMELDING 2020 – KVINNHERAD SOKN



[Dette bildet](#) av Ukjent forfatter er lisensiert under [CC BY-SA](#)

Kvinnherad sokn: Medlemmer 2065 stk. m/tilhørende 2090 stk.

KVINNHERRAD SOKNERÅD

BERTA HAUGLAND Leiar

ANN-MERETHE NICLASSEN Nestleiar

REBEKKA ATTRAMADAL Skrivar

SVEIN HJELMELAND Medlem

INGO BEWER Medlem og repr til Fellesrådet

INGVE HESJEDAL Medlem

LEIV MAGNE SIQVELAND Medlem og vararepr til Fellesrådet

ESTHER FALK Medlem

GUNVOR MEHL 1. Varamedlem

HELGA FOSSHEIM Varamedlem

MARIT BAKKE Varamedlem

SIGRUN GUDDAL Varamedlem

HALLVARD FAUSK Varamedlem

SOKNEPREST: Kjersti Brakestad Boge

INNLEIING:

Som så mykje anna, har 2020 vore prega av corona- situasjonen. Dette ser ein på møteverksemda i soknerådet, tal på gudstenester, deltakarar på gudstenester, offer i kyrkjelyden, trusopplæringsarbeidet og andre arrangement.

Arbeidet til soknerådet

Soknerådet hadde 7 møter i 2020: 28.januar, 18. februar , 06. mai (digitalt), 10.juni, 15.september, 29.oktober og 26.november (digitalt). Vi behandla 51 saker, blant anna takkoffer til kyrkjelyden. Mykje av tida har gått med på å sjå på saker i tilknytning til corona-situasjonen: smittevern, avlysing av gudstenester og konsertar, flytting av konfirmasjonar. Soknet har hatt gjevaravtale (4 offer per år) til Stefanusalliansen sitt arbeid i Egypt: Mamma Maggie og Fader Thomas sitt arbeid i søppelbyen. Vi har fått inn lite inntekter til dette prosjektet i år, noko som resulterte i at vi hadde to laurdagar utanfor Spar, der vi fortalde om prosjektet og fekk inn gode midlar. Takk til Ingo for initiativ!

Fasteaksjonen med konfirmantane vart avlyst, men gjennomført digitalt. Det vart mykje mindre inntekter. Konfirmantleir og fleire konfirmanttimar vart avlyst grunna covid 19. Konfirmasjonane vart flytta til siste helga i august.

Kveldsmat i bedehuset etter presentasjonsgudstenesta med dei nye konfirmantane i haust. Soknerådet sine medlemmer har vore kyrkjevertar og pynta våpenhuset, samt drive smittehandtering.

Leiartreningskurset MILK gjekk ut hausten 2020 då der ikkje kom påmeldte. Det er eit mål at dette kjem i gong.

Etter initiativ frå Rosendal bedehus-styre, arrangerte bedehuset og kyrkja fakkeltog for forfylgde kristne. Fakkeltoget starta ved kyrkja, gjekk via Rosendalstunet og opp att til kyrkja. Trass eit forrykande ver, var det om lag 25 som gjekk. God pressedekning, Apell v/Inger Johanne Hauge ved kyrkja.

GUDSTENESTER OG KYRKJELEGE HANDLINGAR

Det var 33 gudstenester i 2020. Talet på gudstenestedeltakarar i Kvinnherad kyrkje 2020 var 1567.

31 av gudstenestene var i kyrkja og 2 på Rosendalstunet.

Av desse var 8 gudstenester med nattverd, 11 gudstenester med dåp og 2 gudstenester tilrettelagt for born i lag med trusopplæringa. I påska vart det skipa til open kyrkje i staden for gudstenestene.

Skulegudstenestene vart avlyste pga av covid-19.

Det var 20 dåp, 5 vigslar og 20 (28 i 2019) gravferder. Pga corona-restriksjonane vart mange dåp og vigslar utsett. Vi har hatt få gravferder i år.

Det var 6 andaktar på Rosendalstunet.

Minnegudsteneste vart i 2019 flytta frå nyttårsafta til Helgemesse, og vart også dette året halde på Helgemesse-sundag.

Det har vore «open Kyrkje» i Kvinnherad kyrkje om lag annankvar torsdag kl 12-13, der folk er velkomne til å ta med nistepakka si og få kaffi og saft i kyrkja. Dette har presten halde, men i 2020 vart det berre gjennomført 4 før covid-19 restriksjonar sette inn.

Ved sida av dei tilsette har vi tekstlesarar i kyrkja: Oddbjørg Heimark, Inger-Johanne Hauge og Gunvor Mehl. I 2020 har dei tilsette lese teksten, samt ført lister over dei som har vore i kyrkja. Etter at kyrkja fekk strenge korona-restriksjonar har vi redusert bruken av frivillige tekstlesarar for å redusera smittefare.

PowerPoint har blitt nytta i dei fleste gudstenester i 2020.

På gudstenesta 1.juledag vart det markert at Reidar Algerøy sluttar av som pensjonist. Helsing under kunngjeringane, blomehelsing og gåvekort.

Det har ikkje vore kyrkjekaffi etter 12.mars.

Store deler av 2020 hadde restriksjonar, og måtte difor avlysast. På dei gudstenestene som vi kunne ha, var det strenge antalls-restriksjonar.

TRUSOPPLÆRING

Dåp og dåpssamtale: 20, 153%. I soknet vart det altså døypt fleire born enn kva som høyrer til i soknet.

T0-1: Babysong 28 (37). Dette var i jan-feb, på Rosendalstunet. Vart avlyst fram aug-sept. Vart gjennomført på kafe Hylleblomen. Populært tiltak, 215% oppmøte.

T4-12: Buheimaleir: Tiltak for heile kommunen. 56 born (fullteikna), 9 hjelpeleiarar og 18 vaksne deltok.

T1-3: Minimusikal om Noah: digital sending. Liten respons på å få bok etterpå.

T4: 4 årssamling. Avlyst i siste liten. Alle fekk boka heim

T5: Kyrkjekameratane (3) 5 deltok. Sundagsskulen sin oppstart på hausten, i Steinparken.

T6: Skulestart: Eiga samling ein kvardag, 5 deltok (7)

T7-8: Nesten min og eg, fokus på KN 9 (29)

T14: Snart konfirmant: 20

T15: Konfirmasjonsførebuving og konfirmasjon: 24

Julevandringane for barnehage og 1.klassane i kyrkja, vart avlyst. Tilbod til barnehagane om julevandring ute. Omvikdal barnehage takka ja.

KONFIRMANTAR

Det var 24 (29) konfirmantar i 2020 Fasteaksjonen med innsamling til Kirkens Nødhjelp vart digital. Konfirmantane 2019-20 har brukt konfirmasjonsopplegget Konfirmantbibelen.

Plan for 2019-20 har ramme: 60 timar.

Pga nedstenginga i samfunnet og kyrkja vart konfirmantleieren, fasteaksjonen, 3 samlingar og samtalegudstenesta avlyst. Konfirmasjonane vart flytta til 29.august og 5.september og vart delt opp i 4 konfirmasjonsgudstenester.

KONSERTAR OG KULTURELLE ARRANGEMENT

Soknerådet var med og arrangerte 3 konsertar i Kvinnherad kyrkje.

15.2.: Familiekonsert med Bjarte Leithaug. Samarbeid med søndagsskulekoret. Ca 20 born øvde med Bjarte Leithaug på førehand, mat og pause på Bedehuset, konsert kl 16 00. Om lag 100 tilstades i kyrkja på konserten.

30.10.: Cantus Firmus hadde konsert, i samarbeid med soknerådet, kl 18 00 og 19 30.

Til saman ca 160 personar i kyrkja.

ANNA ARBEID I KYRKJELYDEN/SOKNET

Jentehobbyklubb annankvar tysdag, 5-9 deltakarar kvar gong. Det var berre 6 samlingar i 2020, grunna corona. Dette er samarbeid mellom Kvinnherad kyrkje/sokneråd og Omvikdalen bygdekvinnelag. Inger Johanne Hauge deltek frå soknet, Berta Haugland og Astrid Eikeland frå bygdekv.laget.

Arbeidet er eit integreringsarbeid, der målet er at jenter/kvinner frå andre kulturar eller er tilflyttarar, skal ha ein plass å koma til, og bli kjend med andre.

Cantus Firmus: Kor for vaksne, 16 medl. Klassisk og sakral musikk.

Rosendal søndagsskulekor/Rosendal barnekor hadde 5 øvingar i jan-feb. Arrangerte Bjarte Leithaug konsert i lag med KvH sokn. Innspeling av song til kyrkja si 17.mai TV-sending og digital julegudsteneste. Deltok på den eine gudstenesta på julafta.

Barne-ungdomsarbeid i soknet

Søndagsskulen i Omvikdalen. Har hatt nokre samlingar både før 12 mars og hausten

Maks barnelag. Delvis i drift

Fredagsklubben Ikkje stara opp i 2020

Ungdomsklubb i Rosendal bedehus. Delvis i drift. Konfirmantane skal vera med på nokre samlingar.

NYTT ORGEL KVINNHERAD KYRKJE

I 2020 var det samla inn kr. 100 000, nok til før-prosjektet for nytt orgel. I august var orgelkonsulent Karstein Askeland og orgelarkitekt Jan Lohne på synfaring, men pga av personlege omstende har arbeidet stoppa litt opp. Solfrid H Siqveland, Stein E Schille og Rebekka Attramadal er i komiteen, og jobbar vidare. Dei kan gjerne ha med fleire! «Nytt orgel Kvinnherad kyrkje» har organisasjonsnummer 923812636 , og Lars J Kroka er kasserar, og kontonummer er det same som for Kvinnherad sokneråd.

PLANAR FRAMETTER

Slik tida er, er det vanskeleg å planlegga frametter.

Noko vi veit vi vil jobba med er:

- Ny , felles liturgi for alle sokna i Kvinnherad
- Temakveldar
- Arrangera eit soknemøte der medlemene i soknet blir inviterte til å koma innspel til kva vi bør leggja vekt på frametter.

Berta Haugland
Leiar